

Funkaholic

15. mars 2008 · Haavebua



08-Kommer-Funkaholic

2008

15. MARS

HAAVEBUA

Frå arkivet

Haavebua Lørdag, 15. mars Kjørlaus leikar jukebox. Når Funkaholic og Terje Kjørlaus spelar på Haavebua 15. mars, kan du sjølv stemme fram dine favorittar på låtlista.

15. mars har Florø Rockeklubb og revyggjengen tromma til rockefest på Haavebua, der Funkaholic med blant andre Terje Kjørlaus i besetninga, skal stå for musikken. Og arrangørane har gjort ein spesiell vri på festkvelden.

Bandet har sett saman ei liste beståande av ti klassiske rockelåtar, der ein finn artistar som t.d. Elvis Presley, Stevie Wonder og Led Zeppelin. Vi har alliert oss med firdaposten.no, der alle låtane ligg ute i ei avstemming. Ved å stemme fram dine favorittar, er sjansen stor for at du får høyre nettopp desse om du kjem på Haavebua 15. mars, seier rockeklubbleiar Per Vidar Ottesen.

Dei fem låtane som får flest stemmer i Firdaposten si avrøysting, vil bli øvd inn, finpusa og framført frå scena denne kvelden.

Avstemningslista ligger på SVEND ARNE VEE.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 142.